

LITT OM DEI MILITÆRE TRADISJONANE

Almenn væpning har her i landet truleg røtter heilt attende til landslova til Magnus Lagabøter. Den skriv seg frå 1274 og påbaud kvar mann å øve seg i bogeskyting. Likeeins hadde kvar mann plikt til å eige skjold, spjut, sverd og øks. Mot slutten av 1500-talet var luntelåsgjeværa utbreidd og erstatta etter kvart pil og boge som skytereiskap. Dei kostbare hjullåsgjeværa kom også i bruk. Kong Kristian IV (1588-1648) fann at den gamle landslova passa for norske forhold. Han fekk ho omsett til dansk, endra dei gamle våpennamna til tidhøvelege nemningar og sette ho ut i livet. Det heiter greitt og tydeleg i lova frå 1604: "Hver odelsbonde eller Leilending som bor på en full gård, hand skal have en lang bøsse med fyråls (hjulåls) for og nødtørfdig krud og lod (kuler), en teszack (eineggja sabel) og en øxe". Bønder på mindre gardar hadde plikt til å halde "en bøsse" (luntelåsgjevær?). (Sjå elles artikkelen til Endre S. Nisja).

Lova påbaud såleis bøndene å vera børseskyttarar. Påbodet vart teke oppatt i 1687 i Kristian V's lov saman med strengt forbod mot å pantsette, selja eller låna bort geværet frå garden!

Dette er eit merkeleg historisk fenomen. I Danmark, som Norge var underlagt og som såleis hadde same kongane, var det forbod mot at bøndene åtte eller bar våpen. Slik var det også i dei feste andre landa i Europa.

Lova vart verkeleg prøvd fylgd opp, og bøndene fekk etter kvart gevær i stort omfang.

Dei mange krigane på 1600 og 1700-talet viste at bondeoppbudet dessverre ikkje kunne stå seg mot øvde soldatar. Ein norsk hær vart derfor organisert frå 1620-åra av. Almugen vart organisert som "bakre oppbud" etter kvart.

Eit klart unnatak var bønder og bygdefolk med jakterfaring. I 1612 vart ein styrke på over 300 skotske leigesoldatar fullstendig nedkjempa av bygdefolk frå fjellbygdene Vågå, Lesja, Dovre og Lom, organisert av bondelensmannen Lars Haagå. I slaget ved Trangen i 1808, der norske hæravdelingar vann ein klar siger over svenskaner, spela sunndalingar med jakterfaring ei ikkje uvesentleg rolle. I dette slaget fall sjefen for sunndalskompaniet, kaptein Dreier. Seinare "sårlege" Lars Jørgenson Torske (Trøledvoll) vart hardt sår. Ein annan som var med ved Trangen var Ole P. Tøfte som i fylgje protokollane deltok aktivt i skyttarlaget i 1871/72, 84/85 år gammel! I kampene ved Matrand og Skotterud i 1814 var også Sunndalskompaniet med. Styrkeprøven enda med at svensk kongen godkjente den norske grunnlova og det vart fred. Mellom dei som var med den gongen var Anders Olsen Bjørnhjell, seinare æresmedlem i skyttarlaget (1870).

KRIGSVETERANANE 1807 - 1814

I 1914 vart det i samband med 100 års-jubileet for grunnlova og fridomsverket laga ei minneplate over krigsdeltakarane 1807 - 1814. Ei plate er montert i Hov kyrkje, ei i Romfo kyrkje og ei på ein granittbauta på Gravem. Bautasteinen er hogd av Fredrik Johnsen Gravem, ein av dei beste skyttarane i lagetts første år.

Fylgjande namn står på plata:

Kaptein Dreier, Hans Aakerløyken, Ola Rabben, Anders Bjørnhjell, Paal Romfo, Anders og Ola Tøfte, Nils Innvik, Erik Grøøien, Hallvard Myren, Ivar Fladvad, Endre Gruvedal, Jon Haaven, Hallvard Haarstad, Lars Trøledvoll, Erik Peøien, Kr. Tøftøien, Kristen Røimo, Even Lihjell, Ola Småvoll, Anders Morken, Ola Trædal, Ola Moen, Sima Musgjerd, Jon Grøsæter, Nils Haasen, Hallvard Gikling, Lars Gjora, Hans, Ola og Gunder Hafsås, Steingrim og Even Nisja, Ola Hoff, Lars Aaker.

I tillegg veit vi om ein som er utegløynd på minneplata, nemlig Ivar Lundli. Det kan vera fleire.

Desse karane er nok delt på to innkallingar i 1808, med trefninga ved Trangen, og i 1814. Kaptein Dreier var sjef for Sunndalskompaniet i 1808. Mykje tyder på at han prøvde ein ny taktikk ved Trangen. Skytedugleiken balndt soldatane var på den tida nokså dårlig. I Sunndalskompaniet var det ein del gode skyttarar. Dette hadde han funne ut ved øvingskytinga på Prestegardsjordet. Ladinga av dei munnladde geværa tok lang tid. Ved Trangen let han derfor dei beste skyttarane ta seg av skytinga og dei andre ladde våpen og sende fram det fortaste dei vann. Dette auka sjølvstykke effekten i eldgjevinga og medverka nok til sigeren.

Dreier var sjølv mellom dei som skaut. Han vart, som kjent, råka av fleire kuler og døde.

Kaptein Dreier er blitt til ein stor helt i Norgeshistoria. Det er skreve dikt og lange historier. Mange nokså fjernt frå det som faktisk skjedde. På Andreas Block's berømte maleri står han strak og bein på ein høg stubbe medan soldatane sender opp børser til han. Even Lihjell har fortalt til Chr. Glükstad at Dreier låg på eit tak og skaut. Even og ein annan soldat ladde og sende opp børsene. Etter at han vart råka av fleire kuler, bar dei han opp til ein gard der dei la han inn. Der døde han av såra han hadde fått. Dette er truleg den sikraste informasjonen vi har om Dreiers død.

Lars Jørgenson Torske (Trøledvoll) vart hardt såra ved Trangen. Hen fekk øydelagt skulderleddet. Han vart innlagt på feltlasarettet, overlevde og kom heim etter 2 år. Han var da invalid og fekk ein pensjon på 16 sp.d. året. Han greidde å drive ein slags praksis som skinnfellmakar og han vart og vel respektert som "sårdoktor". På lasarettet hadde han lært seg å stelle og forbinde sår. Det er fortalt at når han gjekk i kyrkja, hadde han alltid den gamle våpenjakken på seg med bot på høgre skulder.



{short description of image}

